



Vertskorets siste øving på skulen i Herøysund var prega av våryr songarglede! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Godt over 100 songarar og musikarar blir med i den musikalske vårsprett i Aktivitetshuset i Uskedalen søndag ettermiddag. Arrangørane Røysterett for alle og Aktivitetshusets damevenner håpar på like stor suksess som i fjor då det var 250 begeistra tilhøyrarar. Og hvis ein skal ta utgangspunkt i den vårre øvinga til Uskedal-koret som uskedalen.no overvar her om dagen blir det ein konsert med verkeleg sprett i!**

Dei som kjem til Uskedalen for å opptre denne gongen er det namngjetne Tyssedalskoret, med Eldbjørg Furholt som dirigent, Halsnøy Strupeband dirigert av Luitgard Kühne og fleire grupper frå Kvinnherad Kulturskule med Eli Haugan som lærar



- Velkommen til musikalsk vårsprett, seier leiar Lars henrik Skogtun. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tyssedalskoret starta i 1979 og har ei lang og imponerende merittliste bak seg. Dei er nesten 60 songarar og for ikkje lenge sidan spelte dei inn ein DVD som var eit bestillingsverk kalle "Arven" og som var knytta til utbygginga i Tyssedal. Barbara Helsingius, Halfdan Sivertsen, Benny Borg og Brazz Brozz er blant dei koret har sunge saman med.



Den alltid like sprudlande Maria Malmsten har gjort ein kjempejobb for Røysterett for alle. Her er ho i ein meir alvorleg positur under Herøysund-øvinga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Programmet deira i Uskedalen har ei vid ramme: Deep River, You raise me up, Kärleksvals, Jada, Naar fjordene blaaner og Have a Heart!



Så stort var fram møtet til fjorårets vårsprett. Kjem det like mange i år? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Halsnøy Strupeband har varsle tre vårprega nummer men kan komma med fleire. Frühlingsfest, Danse mot vår og shantyen John Kanaka får vi i i hvert fall høyra.

Frå Kulturskulen kjem det 11 lovande musikarar og av dei er fleire frå Uskedalen og Herøysund. Helene og Susanne Haugland spelar gitar og Ingebjørg Haugland piano. I ei gitargruppe finn ein Nikolai Bernhardsen, Hallvard Lomheim Døssland og Arne Tvedt og i ei strykargruppe spelar desse: Oda Vågen Bjørgvik, Anne Maria Førland Liane, Christine Skogseth Bjørsvik, Katrine Yri Røssland og Anne Marthe Guddal Zimmer.

Vertskoret har to avdelingar denne gongen og i den første avdelingen kjenner vi i høgste grad att dirigent Maria Malmstens personlege smak: Det startar med fransk renessansesong og held fram med ein folketone frå Gudbrandsdalen, ein svensk folketone og to vårprega songar frå England og Sverige. Den svenske er ein gjengangar som etter kvart framstår som ein av korets kjenningsmelodiar framført med appell og sterk innlevning: "Venta inte"!

I den andre avdelinga si framfører Røysterett for alle fire Beatles-arrangementer av Ejvind Dengsø under overskrifta "Ticket to ride". Her kjem Eli Haugan sterkt inn i билетet som piano-akkompagnatør.

Det blir sjølvsagt også tid til det sosiale: Vertskoret vil baka kaker og laga kaffi til songarane for servering etter oppvarming og prøve. Og for publikum blir det sal av kaffi og kaker i ei pause.

Av Ola Matti Mathisen



Røysterett for alle har eit godt øvingslokale i Herøysund-skulen. (Foto: Ola Matti Mathisen)